

Sven Harald Nilsen ny sokneprest

09.05.2007

Bjørgvin bispedømmeråd har tilsett Sven Harald Nilsen som sokneprest med tenestestad i Kvinnherad, Uskedalen og Ænes sokn og tenestedistrikt i Sunnhordland prosti.

Som nummer to i stillinga vart Stein Hugo Fykse tilsett. Den som er tilsett har åtte dagars frist på å melde frå om han vil ta i mot stillinga.

Nilsen er bergensar og fødd i 1952. Han har vore res.kap. i Lindås og sokneprest i Olsvik i Bergen.

I 1989 vart han sokneprest i Jostedalen sogn i Indre Sogn prosti og har sidan vore der. Nilsen har vore busett i Gaupne.